

Rederiforeningen for kyststringnotfartøy

Nygata 7  
6002 Ålesund

Deres ref.:

Vår ref.: 2008/551  
MAB ERSM 411.4

Dato: 12. desember 2008

## **Avgjersle A2008-32 – Norway Pelagic ASA – Rederiforeningen for kyststringnotfartøy - konkurranselova § 12 jf. §§ 10 og 11 - avslag på anmodning om å gripe inn**

Konkurransetilsynet viser til Dykkar brev til Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) av 23. mai 2008, som vart sendt vidare til Konkurransetilsynet 6. juni 2008. FAD si grunngeving for å sende brevet vidare til Konkurransetilsynet var at spørsmåla som vart tekne opp i brevet kan knytast opp til konkurranselova § 10 om samarbeid som avgrensar konkurransen, og konkurranselova § 11 om utilbørleg utnytting av dominerande stilling.

### **Bakgrunnen for saka**

I brevet til FAD ber De om ei vurdering av om det vil vera i strid med konkurranselova at den største kjøparen og foredlingsbedrifta for pelagisk fisk i Noreg, Norway Pelagic (NP), let pelagiske havfiskerederi som i dei fleste tilfelle har eigarandelar i NP, få fortrinnsrett ved levering av fangst. Dette fører i følgje brevet til at kystnotfartøy må stilla bakerst i køa for levering av NVG-sild til konsum, noko som ofte endar med at kystnotfartøy må levera fangsten til oppmaling. Prisen fiskaren får ved levering av fisk til oppmaling er vesentleg lågare enn pelagisk fisk som går til konsum.

De tek òg opp spørsmålet om dette kan vera tale om eit brot på konkurranselova § 10 og reglane om prissamarbeid mellom havgåande ringnotfartøy og NP, der De vurderar at det for havgåande ringnotfartøy nærast vil vera det same om dei får låg eller høg pris for silda. Dette skuldast at låg pris for silda vil gje NP låge råvareprisar, som i neste omgang vil gje seg utslag i store overskot i bedrifta, og med dette auka verdiar for havgåande ringnotfartøy som er aksjonærar i NP.

### **Konkurransetilsynet si vurdering**

Konkurransetilsynet kan påleggja verksemder eller samanslutningar av verksemder som bryt forbodet i konkurranselova §§ 10 og 11 å avslutta lovbrotet, jf. konkurranselova § 12 fyrste ledd.

#### *Konkurranselova § 11*

Konkurranselova § 11 forbyr verksemder å utilbørleg utnytta si dominerande stilling.

Lovparagrafen tilsvarar EØS-avtalen artikkel 54 og EF-traktaten artikkel 82, og rettspraksis knytt til tolkinga av denne regelen vil vera relevant ved bruk av konkurranselova § 11. Forbodet i § 11 retter seg mot verksemder, og det er to kumulative vilkår som må vera oppfylt for at eit lovbroet skal kunna konstaterast. For det fyrste må bedrifta ha ei dominerande stilling. Vidare må bedrifta si atferd utgjera ei utilbørleg utnytting av den dominerande stillinga. Dei konkrete eksempla som er nemnt i § 11 andre ledd bokstav a - d er ikkje uttømmende.

Tilsynet har i tilknytning til sakshandsaminga henta inn opplysningar om NP sin marknadsposisjon, for å vurdere om selskapet etter konkurranselova har ei dominerande stilling. På landsbasis opplyser Norsk Sildesalslag (Sildesalslaget) at NP har ein del av marknaden for kjøp av pelagisk fisk til konsum på 30 - 40 prosent. Sildesalslaget har sendt statistikk til tilsynet som viser at NP særleg i Sogn- og Fjordane har ein høg del av samla kjøp av pelagisk fisk. I andre fylke er delen godt under 50 prosent, blant anna i nabofylka Hordaland og Møre og Romsdal. Etersom særleg havgåande fiskefartøy enkelt kan frakta fangst over lengre distansar, for eksempel frå Vestfjorden til Møre, er det sannsynleg at den geografiske utstrekninga av marknaden for kjøp av pelagisk fisk er større enn fylkesvis, truleg minst regional. I perioden frå 1. januar 2008 til 24. september 2008 hadde NP ein del av kjøpa av NVG-sild i fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal på 47 prosent, medan delen var på under 20 prosent både i Trøndelagsfylka og i Nordland. Ovannemnde tal i kombinasjon med at omsetning av fisk skjer via auksjonar regissert av Sildesalslaget, gjer det tvilsamt at NP i konkurranselova sin forstand har ei dominerande stilling i marknaden for kjøp av pelagisk fisk til konsum. Sildesalslaget vil gjennom salsmonopolet og gjennom rettane til å regulera fyrstehandsomsetninga av pelagisk fisk utgjera ei sterk motmakt til store kjøparar i denne marknaden.

NP opptrer som kjøpar i marknaden for fyrstehandsomsetning av pelagisk fisk. Det vil normalt vere slik at det skal meir til for at ei einssidig handling av ein dominerande innkjøpar i ein marknad vil utgjera eit brot på § 11, enn handlingar gjort av ein dominerande seljar. Det må først vurderast om dei påståtte handlingane har funne stad og dernest om det er sannsynleg at desse handlingane vil føra til skadelege verknader for konkurransen eller samfunnsøkonomisk skadelege verknader i den eller dei marknadene som er omfatta.

I denne saka er tilbydarane i den aktuelle marknaden fiskarar som er underlagt reguleringar på kor mykje fisk som kan fangast og prisane på pelagisk fisk er omfatta av minsteprisar sett i samarbeid mellom Sildesalslaget og fiskekjøparane sine organisasjonar. Dette gjer det mindre sannsynleg at NP sin praksis med å gje fiskebåtar som er eigarar i NP fortrinnsrett ved levering vil føra til samfunnsøkonomisk skadelege verknader ved at tilbode kvantum i marknaden går ned. Sildesalslaget er også gitt ei rekkje andre lovheimlar for å sikre fiskarane sine interesser, blant anna moglegheiter til å styra fangst, innføra stopp i fisket og innføra venteordning for når fiskebåtar kan dra ut på fiskefelta. Sildesalslaget har med andre ord ulike verkemiddel for å hindra at det oppstår uheldige konkurransemessige følgjer av handlingar gjennomført av NP i denne marknaden.

Konkurransetilsynet finn det på grunnlag av vurderinga over ikkje tenleg å bruka ytterlegare ressursar på å avdekka om NP har brote konkurranselova § 11 om misbruk av dominerande stilling.

#### *Konkurranselova § 10*

Konkurranselova § 10 første ledd forbyr ”[e]nhver avtale mellom foretak, enhver beslutning truffet av sammenslutninger av foretak og enhver form for samordnet opptreden som har til formål eller virkning å hindre, innskrenke eller vri konkurransen”. For at regelen i § 10 skal vera broten, må det for det fyrste liggja føre ein avtale eller eit samarbeid mellom to eller fleire uavhengige føretak. Vidare må samarbeidet ha til føremål eller verknad å avgrensa konkurransen. I tillegg må konkurransen påverkast merkbar. Kriteriet om merkbarheit går ikkje direkte fram av ordlyden i lova, men har blitt tolka inn i regelen gjennom rettspraksis.<sup>1</sup> Vilråa i § 10 første ledd er kumulative, noko som inneber at alle vilråa i regelen må vera oppfylte for at den skal kunna nyttast.

Konkurranselova § 10 tredje ledd gjer unntak frå forbodet i § 10 første ledd der eit samarbeid gir effektivitetsgevinstar som veg opp for samarbeidet sine hinder for konkurransen og som samla sett fremjar konkurranselova sitt formål om effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Vidare er det på grunnlag av konkurranselova § 10 fjerde ledd, gitt forskrifter for nokre typar samarbeid som

<sup>1</sup> Ot.prp. nr 6 (2003-2004) side 225.



normalt fell inn under unntaket i § 10 tredje ledd. Ein av desse forskriftene er gruppefritaket for vertikale avtaler som kan nyttast dersom vilkåra i forskrifta er oppfylt.

Konkurransetilsynet kan krevja at føretak eller samanslutningar av føretak som bryt forboda i konkurranselover § 10, må ”*bringe overtredelsen til opphør*”, jf. konkurranselover § 12 første ledd.

Etter Konkurransetilsynet si oppfatning kjem det ikkje fram opplysningar i brevet dykkar av 23. mai 2008 eller i telefonsamtalar i tilknytning til saka som gjev grunn til å tru at det føreligg eit prissamarbeid mellom havgåande ringnotfartøy og NP om å setja låg pris på sild. Noregs Sildesalslag har i denne samanhengen over telefon gjeve opplysningar om at det berre er ein mindre del av dei havgåande ringnotfartøya som har større eigarpostar i NP.

På bakgrunn av drøftinga over finn ikkje Konkurransetilsynet det tenleg å bruka ytterlegare ressursar på å avdekkja om NP har brote konkurranselover § 10 om konkurranseskadeleg samarbeid.

Det kan klagast på denne avgjersla innan tre veker, jf. konkurranselover § 12 tredje ledd. Ei mogleg klage stilast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet, men skal sendast til Konkurransetilsynet.

Konkurransetilsynet gjer vidare merksam på at personar som meiner dei er ramma av eit brot på konkurranselover §§ 10 og 11, sjølve kan reise sak for domstolane. For å verna seg mot eit lovbro, er ein er såleis ikkje avhengig av at Konkurransetilsynet involverer seg i saka og eventuelt grip inn.

Med helsing

Magnus Gabrielsen (e.f.)  
*seksjonsleiar*

Erlend Smedsdal  
*seniorrådgjevar*

**Kopi:** Fornyings- og administrasjonsdepartementet, postboks 8004 Dep, 0030 Oslo